

Protokoll frå styremøte i Språkrådet 18. februar 2019

<i>Til stades</i>	Erik Ulfsby, Trond Trosterud, Jan Erik Knarbygg, Hege Myklebust (vara) og Torunn Reksten
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef, S 3/19, 4/19 og 5/19) og Daniel Ims (seksjonsjef, S 9/19)
<i>Forfall</i>	Eli Bjørhusdal
<i>Møtestad</i>	Språkrådet, møterom 30 i 1. etasje, Observatoriegata 1 B, Oslo
<i>Møtetid</i>	11:00–16:00
<i>Møteleiar</i>	Ulfsby
<i>Referent</i>	Kaldhussæter

Sakliste

Konstituering

- S 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
- S 2/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 6. desember 2018

Vedtaksaker

- S 3/19 Rekneskap og økonomisk situasjon per. 31. januar 2019
- S 4/19 Endeleg rekneskap for 2018
- S 5/19 Endeleg budsjett for 2019
- S 6/19 Budsjettsøknad for 2020
- S 7/19 Årsrapport for 2018
- S 8/19 Endeleg verksemdsplan for 2019
- S 9/19 Normeringssaker

Drøftingssaker

- S 10/19 Kontakt mellom styret og fagråda
- S 11/19 Årshjul for relevante, faste styresaker
- S 12/19 Todagarsmøtet i juni 2019 – skisse til opplegg og program

Informasjonssaker

- S 13/19 Orienteringssaker
- S 14/19 Referat frå etatsstyringsmøte
- S 15/19 Frå fagråda
- S 16/19 Høyringar
- S 17/19 Mediesaker
- S 18/19 Eventuelt

Konstituering

Styrelsiaren gjorde framlegg om å handsame informasjonssakene før vedtaks- og drøftingssakene, og å setje opp saklista etter denne malen i fortsettinga.

S 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 18. februar 2019

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 2/19 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 6. desember 2018

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøtet 6. desember 2018 er godkjend.

Informasjonssaker

S 13/19 Orienteringssaker

Sakspapir: Ingen, direktøren orienterte munnleg.

S 14/19 Referat frå etatsstyringsmøte

Sakspapir: Referat frå etatsstyringsmøtet 15.10.2018

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 15/19 Frå fagråda

Sakspapir:

1. Referat frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning 3.12.2018
2. Referat frå fagrådet for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning 4.12.2018
3. Referat frå fagrådet for stadnamn 10.12.2018

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 16/19 Høyringar

Sakspapir:

1. Høyrings svar – endring av § 2-7 i opplæringslova
2. Fråsegn frå Språkrådet til framlegg om endringar i stadnamnlova

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 17/19 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonssjefen og medierapport frå Retriver

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtakssaker

S 3/19 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. januar 2019

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 31. januar og taloppstilling

Vedtak: Styret tek rekneskapen til etterretning.

S 4/19 Endeleg rekneskap for 2018

Sakspapir: Notat frå administrasjonssjefen og budsjettoppsett

Vedtak: Styret godkjenner rekneskapen for 2018.

S 5/19 Endeleg budsjett for 2019

Sakspapir: Notat frå administrasjonssjefen, taloppstilling og prosjektoversikt

Vedtak: Styret godkjenner budsjettet for 2019.

S 6/19 Budsjettsøknad for 2020

Sakspapir: Notat frå direktøren

Språkrådet vil gjere framlegg til Kulturdepartementet om særlege tiltak med totale kostnader på kr 1 510 000. Dei prioriterte områda er styrking av kvensk språk, språk i media retta mot born og unge og å styrke norskopplæringstilbodet på fleispråklege arbeidsplassar.

Vedtak: Styret bed direktøren oversende Språkrådets endelege budsjettsøknad for 2020 til Kulturdepartementet innan fristen 1.3.2019.

S 7/19 Årsrapport for 2018

Sakspapir: Utkast til årsrapport for 2018

Vedtak: Styret godkjenner Språkrådets årsrapport for 2018 og bed direktøren sjå til at den blir oversend Kulturdepartementet og Riksrevisjonen innan fristen 15.3.2019.

S 8/19 Endeleg verksemdsplan for 2019

Sakspapir: Verksemdsplanen for 2019 og tildelingsbrevet for 2019 med mål og styringsparameter.

Vedtak: Styret godkjenner Språkrådets verksemdsplan for 2019.

S 9/19 Normeringssaker

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren og framlegg frå fagrådet for normering og språkoobservasjon

Seksjonssjef Daniel Ims gjorde greie for sakspapira og styret diskuterte dei ulike framlegga.

Vedtak:

- 1 a) Normeringa av dei følgjande substantiva blir justert i bokmål og nynorsk slik tabellen nedanfor viser:

substantiv	noverande norm i nynorsk	noverande norm i bokmål	framlegg til ny norm i nynorsk og bokmål
<i>curriculum vitae</i>	n	m/n	m/n
<i>CV/co</i>	m/n	m/n	m
<i>dyffel</i>	m/n	m/n	m
<i>fysiognomi</i>	m/n	m/n	m
<i>grus</i>	m/n	m/n	m
<i>kanvas</i>	m/n	m/n	m
<i>krangel</i>	m/n	m/n	m
<i>lyng</i>	m/n	m/n	m
<i>fenol</i>	m/n	m	m
<i>bensol</i>	n		m
<i>sorbitol</i>	n	n	m

(m = hankjønn, n = inkjekjønn)

- b) Normeringa av samansetjingar med substantiva nemnde i 1 a)-b) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.

- 2 Skrivemåten *kanevas* blir teken ut av norma i bokmål slik at *kanvas* blir einaste normerte skrivemåte for dette ordet.
- 3 a) *Kybernetikk* og tilhøyrande avleiingar (*kybernetikar/kybernetiker, kybernetisk*) er normerte former i bokmål og nynorsk.

b) Nyare samansetjingar med *kyber-/cyber-* som førsteledd skal ha valfridom mellom desse to skrivemåtane.

- 4 Substantiva *brownie, cookie* og *cupcake* skal ha denne bøyinga:

nynorsk:

ein brownie – brownien – browniar – browniane

ein cookie – cookien – cookiar – cookiane

ein cupcake – cupcaken – cupcakar – cupcakane

bokmål:

en brownie – brownien – brownier – browniene

en cookie – cookien – cookier – cookiene

en cupcake – cupcaken – cupcaker – cupcakene

- 5 Etter vedtak i styret blir endringane i punkt 1–4 registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte og ved høve oppførte i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*. Styret ber om ei nærare utgreiing om Språkrådets arbeid med å balansera omsyna til skriftspråkleg normering av lånord og arbeidet med å sikra bruk av norske avløysarord, med utgangspunkt i orda *cookie* og *informasjonskapsel*.

Drøftingssaker

S 10/19 Kontakt mellom styret og fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretæranane

Vedtak: Språkrådets administrasjon arbeider vidare med å sikre god informasjonsutveksling mellom fagråda og styret.

S 11/19 Årshjul for relevante, faste styresaker

Sakspapir: Notat frå administrasjonssjefen

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 12/19 **Todagersmøtet i juni 2019 – skisse til opplegg og program**

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 18/19 **Eventuelt**

Styreleiar inviterte styret til ei ekstra diskusjonssak om vidare utvikling av Språkrådet som organisasjon i framtida.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 18. februar 2019 er godkjend 25. april 2019

Erik Ulfsby

Trond Trosterud

Hege Myklebust

Torunn Reksten

Jan Erik Knarbakk